



KONTROLLUTVALET I BJERKREIM KOMMUNE

PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Bjerkreim	Møtenr.: 5-2014	Møtedato: 29.09.2014	Utvalssaksnr.: 25/14 - 26/14
Desse møtte: Magne Vaule, leiar Brit Tengesdal, nestleiar Geir Ove Tysland Tyra Skårlund Mauritz Bjerkreim	Forfall / varamedlemmer: Ingen		
Andre til stades: Ordførar Marthon Skårlund, Bjerkreim kommune Oppdragsansvarleg Annebeth Melhus Mathiassen, Rogaland Revisjon IKS Daglig leder Wencke S. Olsen, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat			

			Side
Saker til behandling			
<u>25/14</u>	13/00301-23	Evt. bestilling av oppfølgingsrapport - skolemiljøet i Bjerkreim	2
<u>26/14</u>	13/00217-24	Arbeidsrutinar i kontrollutvalet	2
Referat-/meldingssaker			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Kontrollutvalets leiar orienterte innleiingsvis om kva kontrollutvalet hadde diskutert og vedtatt på forrige møte. Det var og ein diskusjon rundt dette.

25/14 Evt. bestilling av oppfølgningsrapport - skulemiljøet i Bjerkreim

FORSLAG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Møtebehandling

Geir Ove Tysland sette fram følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tolkar kommunestyret sitt vedtak i sak 43/13 slik at det ikkje vert kravd ny rapport, men at kontrollutvalet har ein ny gjennomgang av saka. Denne hadde kontrollutvalet i sak 14/14.

Votering

Det vart først røysta over Geir Ove Tysland sitt forslag til vedtak, som fekk 1 røyst (Geir Ove Tysland) og falt.

Det vart deretter røysta over å oppretthalda kontrollutvalets tidligare vedtak i sak 17/14. Dette fekk 3 stemmer (Tyra Skårland, Mauritz Bjerkreim og Geir Ove Tysland) og vart vedtatt.

Vedtak

Kontrollutvalet vart av kommunestyret bedne om å gå inn i skulemiljøet på ny i 2015, jfr. vedtak i K-sak 43/13. Kontrollutvalet vil utsetja denne gjennomgangen til 2016 for at kommunen skal få ro til å innarbeida nye rutinar og planar.

[Lagre]

26/14 Arbeidsrutinar i kontrollutvalet

FORSLAG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Møtebehandling

Kontrollutvalet vurderte innleiingsvis eit eldre reglement for kontrollutvalet som ligg på kommunens nettsider. Dette innehold til dels utgått informasjon som er henta frå forskrifter.

Kontrollutvalet sette fram følgjande forslag til vedtak:

1. *Tidlegare reglement som omhandlar forskrifter går ut.*

Kontrollutvalet diskuterte deretter arbeidetstilhøve/tillit i kontrollutvalet.

Mauritz Bjerkreim sette fram følgjande forslag til vedtak:

2. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å vurdera om vi framleis har tillitt basert på hendingar den siste tida (frå forrige møte i kontrollutvalet fram til i dag).

Magne Vaule sette fram følgjande forslag til vedtak:

3. Sekretariatet bes om å presisera at det ikkje var eit brot på teieplikta å vidareformidla informasjon til partane, jfr. Forvaltningslovas § 13 a 1. Formidling til fullmektig utan at det var framlagt fullmakt for kontrollutvalet var imidlertid ikkje i tråd med Forvaltningslovas § 12.

Votering

Kontrollutvalets forslag til pkt. 1 vart samråystes vedtatt.

Mauritz Bjerkreim sitt forslag til pkt. 2 vart samråystes vedtatt.

Magne Vaule sitt framlegg til pkt. 3 vart vedtatt med 4 mot 1 røyst (Geir Ove Tysland).

Vedtak

1. Tidlegare reglement som omhandlar forskrifta går ut.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å vurdera om vi framleis har tillitt basert på hendingar den siste tida (frå forrige møte i kontrollutvalet fram til i dag).
3. Sekretariatet bes om å presisera at det ikkje var eit brot på teieplikta å vidareformidla informasjon til partane, jfr. Forvaltningslovas § 13. a 1. Formidling til fullmektig utan at fullmakt var lagt fram for kontrollutvalet var imidlertid ikkje i tråd med Forvaltningslovas § 12.

[Lagre]

Underskrifter

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Magne Vaule

Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen

Sekretær for kontrollutvalet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.